

Referat FAU-møte 07.05.26

Til stades: Gerd Rusdal, Jon Harald Ødegård Egeland, Silje Taksdal, Borghild Bjørkmo, Arnfrid Bjelland, Bodil Hobberstad Knutsen, Øyvind Søyland og Gerd-Torill Hegre Berg.

SAK 1, Godkjenning av innkalling og referat

Godkjent

SAK 2, Evaluering av foreldremøte med Barnevakten

Veldig godt oppmøte. Me er nøgde med innhaldet.

Kanskje bør me vurderer føredraget dei har for elevane til neste år (dela i småtrinn og mellomtrinn).

SAK 3, Resultat Olweusundersøking 4. – 7. trinn)

- 16,7% melder at dei opplev mobbing 2-3 gonger i mnd eller oftare.
 - Verbal mobbing (ligg høgt), slag, sparring, utsjånad, lygn og rykte.
 - Høgast score i skulegarden, men og i klasserom utanom timar og andre plassar på skulen.
- 14,8% melder at dei er redde for å bli mobba (flest jenter).
- 3,8% melder at dei har vore med på mobbing 2-3 gonger i mnd.
- Noko utslag på digital mobbing.
- 33 % som melder at dei ikkje har fortalt til nokon at dei har blitt mobba.
- 80% syns synd på dei som blir mobba.
- 3,7% melder at dei kan tenkja seg å vera med på mobbing.
- Ingen rapporterer at dei har ein eller ingen venner.
- Det er flest på dei høgaste trinna som ikkje trivst på skulen, men dei aller fleste elevane trivs og melder om høg trivsel både i timar og i friminutt.
 - Mobbing er både eit skuleproblem og eit sosialt problem i fritida. Korleis kan me vaksne i bygda hjelpa? Kan me snakka ærlegare og opnare saman på foreldremøtene om dette? Skulen må vera opne om at det er problem i klassen.
 - FAU melder ut til foreldregrupper at det er ganske høge mobbetal på skulen. Korleis kan foreldregrupper støtte opp her? Kanskje invitere til fellesaktivitetar som filmkveld, hagefest og liknande. Vennegrupper er ein god måte å skapa positive relasjonar.
 - Viktigheiten om vennegrupper må bli formidla til foreldrekontaktar i starten av skuleåret, slik at dei veit kva forventningar som ligg.

SAK 4, Besteforeldre som ekstravakter i storefri?

- Dette blir gjort på blant anna Røyneberg skole med positiv effekt.
- Ein veldig god tanke, men me må avklara spørsmål rundt politiattest og taushetserklæring.
- Fleire positive tilbakemeldingar på dette.
- Kan me klara involvera besteforeldre og eldre i bygda?
- Kan dei eldre organisera leiker som dei leika før i tida?

Gerd sjekker ut reglar rundt dette og korleis det eventuelt kan gjennomførast.

SAK 5, Vedtekter frå FAU

Gerd ser gjennom dei gamle vedtektene og redigerer dei. Dette blir teke opp på årsmøte.

SAK 6, Rollefordeling og ansvar i FAU

Silje lager ei liste over dette før årsmøte. Alle med ulike roller sender oversikt over sitt ansvar til Silje.

For å sikra klarheit i rollefordeling, kan gamle FAU-medlemmar vera med på første nye FAU-møte.

SAK 7, Inkomne saker

- Tiltak i høve til språkbruk:
FAU sender ut melding i etterkant av Olweus-undersøkinga. Her vil språkbruk bli nemnd. Redd barna har undervisningsopplegg som kan nyttast mot språkbruk, «Gi oss spillereglar!».
- Halv-7 og elevkveldar:
5. trinn skal vera ansvarlege for halv-7. Dette blir ført inn i retningslinjene til FAU. Opent for klassar å ta initiativ til andre typar elevkveldar, som karneval, Halloween og liknande.
- Ballar i taket på gymsal, utstyr som ikkje verkar og manglande basketballkorg:
Gerd melder dette inn til drift. Saman med puring om å hengja opp basketballkorg.
- Sceneteppe i gymsal. Desse heng og sleng:
Gerd melder dette til FAU saman med sak ovanfor. Dersom det ikkje blir gjort kan FAU få fjerna sceneteppea.
- Bekymring iht buss:
Bussjåføren (både buss og taxi) stoppar på feil side av busstoppet ved barnehagen/hallen. Her går ungdomsskuleelevane av og spring over vegen.
Føresette og andre som ser dette må sjølv melda det som avvik til Kolumbus og Jærtaxi.
Rutine for korleis ein kan gjera dette ligg inne på skulen si heimeside under «Info om skulekvardagen» og vidare på «skuleskyss». Det må leggest ved detaljar som dato, klokkeslett og transportør. Om naudsynt kan ein kontakta Arnfrid, skuleskyssansvarleg.
Ho vil følja opp dersom problemet fortsett etter innsendte avvik.

- 17. mai og hjelp frå 7. trinn:
Er det ein ide at 7. trinn får ein bong eller to som «betaling» for kakebaking for 6. trinn?
17. mai-komite definerer i referat korleis rollefordelinga mellom 6. og 7. trinn er fordelt i høve til 17. mai.
- Premiering av mest liv i toget. FAU har fleire «spionar» ute.
- Sterke ønsker frå føresette om ulike tider på foreldremøta. Helst byrja litt seinare på kvelden. Ein ide å bruka to dagar på foreldremøte, ein for småtrinn og ein for mellomtrinn.
- Det er bestemt i Time kommune at alle skular skal flagga under pridemarkeringar i kommunen.
- I fleire leiarmøte har Gerd vore saman med leiarar i barnehagar og SFO og diskutert «Leikbasert læring». Fokus på ein god oppstart måndagsmorgon. Skulen vil prøva ut eit opplegg der dei byrjar kvar dag med 45 minutt leik på småtrinna. Mellomtrinnet byrjar med 30 minutt aktivitet i form av brettspel eller liknande. Dette og som eit førebyggjande tiltak for mobbing.
Iht dette treng skulen meir leiker og utstyr. Dei tek gledeleg i mot dersom de har noko å avsjå.
- Grilling under aktivitetdagen, tysdag 16. juni kl. 10-12:
Arnfrid, Bodil og Silje kan stilla. Silje sjekker handleliste.
Ein elev og ein lærar treng glutenfritt.
Silje sjekker opp lån av grill.

SAK 8, Neste møte.

Neste møte vert årsmøte 11. juni.

Saker:

- Vedtekter frå FAU
- Årshjul for FAU
- Stillingsbeskriving for FAU

Referent

Gerd-Torill Hegre Berg